



Bjarne Iden

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2690 - 14/13413

Saksbehandlar:

Anngunn Marie Gullbrå

anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:

09.09.2014

## Framlegg til retting av matrikelgrenser for GBNR 43/13, 82, 85, 24 og FV

Meland kommune har fått inn krav om retting av grenser i matrikelkartet for gnr. 43 bnr.13, 84 og 85.

Retting av grenser er berre aktuelt der grensene ikkje tidlegare er bestemt av kommunen ved kart- eller oppmålingsforretning og der dei ligg i kartet med unøyaktig kvalitet/ usikre grenser. Slik retting av grense utan oppmålingsforretning er utan kostnad for rekvirent og er heimla i Matrikellova §26.

### **Generell informasjon om/ vilkår for retting av grenser:**

Dersom partane det gjeld er samde om kvar grensa går og dei kan dokumentera dei med skyldskifte, jordskifte eller liknande og teikna dei inn på kart så nøyaktig som råd, kan kommunen rette grensene i matrikelkartet. Dersom partane har ulike påstandar, kan grensa verte lagt inn som omtvista grense, dvs fleire aktuelle bruksnummer på same areal.

Dersom partane ikkje er samde om retting av grense må partane rekvirere oppmålingsforretning/ påvising av grensa enten hjå kommunen eller hjå jordskifteverket. Dette er den einaste måten å få grensa nøyaktig avklart, eventuelt ny-merka og målt, på ein etterviseleg måte. Slik forretning må betalast av rekvirent.

Ein gjer merksam på at slik retting av matrikelgrense ikkje fører til endring av kvaliteten til grensa. Grensa vert framleis liggande som «usikker» grense i kartet, men eigedommen sin storleik og plassering vil forhåpentlegvis verte meir rett enn tidlegare. Flytting av grensa i kartet endrar heller ikkje på grensa i terrenget. Det er framleis skyldskifte og merka i marka som gjeld.

### **Denne saka:**

Kravet om retting gjeld grensa mot Fylkesvegen og avgrensinga av 43/13 mot aust. Bnr 13 ligg i dag med ein smal «tarm» syd for fylkesvegen og også ein parsell ned til sjøen mellom bnr 84 og bnr 24. Dette er i følgje rekvirentane og skyldskifta feil. Bnr 85 og 84 skal eiga heilt til Fylkesvegen og bnr 13 vert avgrensa av bnr 85 mot aust. Bnr 84 og bnr 24 har då felles grense.

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Det vart sendt ut melding om denne feilrettinga i brev 12.06.2014. Då var ikkje karta som var vedlagt kravet av retting av ein slik kvalitet at ein kunne utarbeida eit rettingsframlegg. Det har også kome 3 nye medeigarar til 43/13 slike at desse også vert part i saka no.

15.07.2014 vart det levert inn eit kart der i allefall grensene til 43/84 er betre markert ( sjå vedlegg). I tillegg har Statens vegvesen, Region Vest sendt inn denne tilbakemeldinga på grensene mot vegen:

« Fylkesvegen er bygd etter veglova av 1938. Minste avstand for grensa mot vegen er soleis 2,5 m. I tillegg skal fylling og skjering ligge til veggrunnen. Etter det eg kan sjå på kotekartet kan her vera både fylling og skjering. Grensa mot vegen er ikkje oppmålt. Dersom grensa mot vegen skal målast opp, må dette gjerast som oppmålingsforretning over eksisterande grenser».

Ut i frå det innkomne framlegget frå Bjarne og Øyvind Iden og tilbakemeldinga frå Statens vegvesen har kommunen utarbeida eit framlegg som er teikna med blå strek på vedlagte kart. Dersom ein ynskjer grensene meir nøyaktig merka og målt må eigar rekvirere oppmålingsforretning over eigedommen.

Eventuelle merknader til framlegg om retting av grenser må sendast Meland kommune innan 3 veker frå de mottek dette brevet.

Dersom det ikkje kjem inn merknader innan fristen, vil endringa verte matrikkelført og partane vil få tilsendt matrikkelbrev over eigedommen etter utført retting. Partane har klagerett på matrikkelføringa.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Framlegg til retting 090914  
Kartvedlegg krav om retting 150714

**Mottakere:**

Bjarne Iden  
Eivind Iden

Tor Iden

Statens Vegvesen region Vest

Askedalen 4

5020

BERGEN

John Norman Remøy

Eivind Iden

Hege Iden

Maj-Brit Iden